



TIL DEG PÅ UNGDOMSSTEGET

Hjelp!

I løpet av våren 2019 vil elevar på 10. steg få fastsett karakterane som skal stå på VITNEMÅL FOR GRUNNSKOLEN. I nokre fag kan du ha fått standpunktcharakter tidlegare, til dømes i valfag, musikk eller mat og helse. Fylkesmannen i Rogaland har registrert eit ønske fra elevar og foreldre om informasjon med omsyn til karaktersetjing, eksamen og klage på karakterar. Vi har derfor laga denne brosjyren som vi håpar du kan ha nytte av. Det er utarbeidd ein eigen brosjyre med informasjon retta direkte til dei minoritetsspråklege elevane. Elles vil informasjonen i denne brosjyren også gjelde for minoritetsspråklege elevar.

Med helsing

Fylkesmannen i Rogaland

Marianne Skogerbø

Utdanningsdirektør



Fritak frå vurdering med karakter i fag:

Eit kriterium for å kunne få karakter i fag, er at du har opplæring og kan bli vurdert i samla læreplan i faget, noko som tydar alle kompetansemåla. I tilfelle du har fått eit enkeltvedtak om spesialundervisning, og får opplæring etter ein individuell opplæringsplan (IOP), kan foreldra velje om du skal ha vurdering med karakter i faget/faga det gjeld. Likevel er det slik at viss du følgjer eigen læreplan i faget, eller ikkje har opplæring etter heile den ordinære læreplanen, kan du ikkje få karakter. Da skal skolen fatte vedtak om fritak for karakter i dette faget, og det vil ikkje telje med i berekninga av poeng til vidaregåande. I fag der det blir gitt karakter både i skriftleg og i munnleg, kan foreldra velje om du skal ha karakter i skriftleg og/eller i munnleg. Retten til å velje gjeld berre dei faga der det er fatta vedtak om spesialundervisning og der du får opplæring etter ein IOP. Til hjelp ved avgjørda om vurdering med karakter skal skolen gje rettleiing.

Sidemål

Om du på grunn av sjukdom, skade eller dysfunksjon som er diagnostisert av ein sakkunnig, har problem med å greie begge målforma i norsk, eller dersom du ikkje har gjennomført ungdomstrinnet i norsk grunnskole, har du rett til fritak frå vurdering med karakter i skriftleg sidemål.

Kroppsøving

Dersom du får tilrettelagt opplæring i kroppsøving, og opplæringa ikkje kan vurderast med karakter, kan du få eit vedtak om fritak frå vurdering med karakter i kroppsøving.

Om du er friteken frå vurdering med karakter i eit eller fleire fag, skal du likevel ha undervegsvurdering og halvårsvurdering utan karakter.

Framandspråk, språkleg fordjuping, arbeidslivsfag eller fordjuping i matematikk

På ungdomssteget skal du i tillegg til engelsk velje eit framandspråk og skolen skal tilby anten tysk, fransk, spansk eller russisk. I staden for framandspråk kan du velje fordjuping i norsk, engelsk eller matematikk, eller arbeidslivsfag viss skolen din tilbyr dette. Dersom du planlegg å söke studiespesialiseringe utdanningsprogram på vidaregåande, bør du spørje rådgivaren på skolen din om bortval av framandspråk vil avgrense moglegheitene dine til fritt å kunne velje den vidaregåande skolen du ønsker å gå på.

Valfag

Elevar på ungdomssteget skal frå 8. klasse ha eit valfag. Du kan velje å halde fram med det same valfaget i eit, to eller alle tre åra, eller du kan velje eit nytt valfag kvart år. Skolen din skal tilby minst to valfag. Når du avsluttar valfaget, skal du ha ein standpunktcharakter. Dersom du har to eller tre karakterar frå ulike valfag, blir det rekna ut eit gjennomsnitt av desse ved opptak til vidaregåande opplæring. Du har rett til å klage på ein standpunktcharakter i valfag.

Undervegsvurdering og halvårsvurdering

Munnleg og/eller skriftleg undervegsvurdering skal gis løpende og systematisk og vere til hjelp i læreprosessene. Halvårsvurdering er ein del av undervegsvurderinga. Halvårsvurdering utan karakter skal gi rettleiing om korleis du kan auke kompetansen din i faget. Halvårsvurdering med karakter skal syne kompetansen din i fag i høve til kompetansemåla i læreplanverket Kunnskapsløftet. I vurderinga med karakter i faget kroppsøving skal innsatsen til eleven vere ein del av grunnlaget for vurdering.

Vurdering i orden og i åtferd

I orden og i åtferd får elevar halvårsvurdering både utan karakter og med karakter og standpunktcharakter etter 10. årstrinn. I vurderinga med karakter skal ein ta omsyn til eleven sine føresetnader.



Varsel til heimen

Om det er fare for at du ikke kan få halvårvurdering med karakter eller standpunktakarakter i eitt eller fleire fag, skal du og foreldra/dei føresette ha skriftleg varsel om dette så tidleg at du som elev får moglegheit til å skaffe deg grunnlag for vurdering med karakter.

Om det er fare for at du i halvårvurdering med karakter eller i standpunktakarakter kan få karakteren nokså god (Ng) eller karakteren lite god (Lg) i orden og/eller i åtferd, skal du og foreldre/føresette ha skriftleg varsel så tidleg at ei betring i orden og/eller i åtferd kan gi karakteren god (G).

Fritak frå skriftleg/munnleg eksamen

Når det ligg føre tungtvegande grunnar, kan du, etter søknad frå foreldra, bli friteken frå eksamen. Rektor avgjer.

Om du er friteken frå vurdering med karakter i prøvefaget/faga, skal du ikke delta i eksamen. Om du er friteken frå vurdering med karakter i skriftleg sidemål og skal opp til eksamen i norsk skriftleg, skal du likevel gjennomføre eksamen over to dagar. Du skal skrive på hovudmålet begge dagane.

Spesiell tilrettelegging av skriftleg og/eller munnleg eksamen

Nokre elevar har behov for eigne hjelpemiddel, ekstra tid eller eit eige opplegg for å gjennomføre skriftleg og/eller munnleg eksamen. Hjelpetiltaka skal møte eleven sin trond for spesiell tilrettelegging så langt råd er, men må ikke føre til at eleven får fordelar framfor andre som ikke får slik tilrettelegging. Tiltaka må heller ikke vere så omfattande at eleven ikke blir prøvd i kompetansemåla i fag i læreplanverket. Rektor avgjer etter søknad kva for ordningar som skal nyttast. Det kan klagast på rektor si avgjerd. Fylkesmannen er klageinstans.

Føring av fråvær på vitnemålet

Fråvær frå opplæringa skal førast på vitnemålet i dagar og i enkelttimar. Når du har lagt fram dokumentasjon på årsaka til fråværet, kan du eller foreldra krevje at årsaka blir ført på eit vedlegg til vitnemålet. Du kan krevje at inntil 10 skoledagar pr. skoleår, dokumentert fråvær av helsegrunnar eller innvilga permisjon på inntil 10 dagar, ikke blir ført på vitnemålet.

Ønskjer du å klage på karakterar?

Du kan klage på standpunktakarakterar og eksamenskarakterar. Det er og mogleg å klage på vedtak om ikke å få standpunktakarakter. Du eller den du gir skriftleg fullmakt til, har klagerett. Om du ikke har fylt 15 år, kan du ikke klage utan samtykke frå foreldre/føresette. Foreldre/føresette har sjølvstendig klagerett.

Klagefristen er 10 dagar og går frå det tidspunktet meldinga om vedtaket er komen fram til deg eller til foreldre/føresette, eller frå det tidspunktet då du/foreldre/føresette burde ha gjort dykk kjende med karakteren. Fristen blir stansa når den som har klagerett, ber om grunngiving for vedtaket. Ny 10-dagars frist gjeld frå det tidspunkt klagaren har fått grunngivinga.

Når du ønskjer å klage:

1. Rådfør deg med faglærar og få grunngiving for karakteren så sant det er mogleg, før du klagar på standpunkt- eller eksamenskarakterar.
2. Klagen må vere skriftleg, og den må ha med privatadressa di. Klagen må være signert.
3. I klagen bør du skrive kva for ein karakter du klagar på og kvifor du klagar.
4. Klagen skal leverast til rektor ved skolen din.
5. Når du klagar, skal du vere merksam på at klagebehandlinga kan føre til at karakteren blir ståande, at karakteren blir sett opp, eller at karakteren blir sett ned.

Det er ulike reglar for klagebehandlinga:

Klage på standpunktakarakterar i fag

Klagen skal sendast til skolen. Rektor ber faglærar skrive ei grunngiving for karaktersetjinga. Saman med grunngivinga og ei fråsegn frå rektor om skolen si sakshandsaming, blir klagen send til Fylkesmannen i Rogaland. Fylkesmannen avgjer om du skal få ny vurdering eller ikke. Du får skriftleg melding om denne avgjerdet sendt til privatadressa di. Dersom avgjerdet er at du skal få ny vurdering, vurderer rektor og faglæraren karakteren på nyt, og rektor set endeleg karakter. Du får melding frå skolen om resultatet av den nye vurderinga. **Denne avgjerdet kan du ikke klage på.** Skolen gir melding til inntakskontoret for vidaregåande opplæring dersom resultatet er ein ny karakter.

Klage på karakter i orden og/eller i åtferd



Klagen skal leverast til rektor. Rektor sender klagen saman med si eiga og kontaktlærar si fråsegn til klageinstansen som er Fylkesmannen i Rogaland. Du skal ha kopi av fråsegna. Fylkesmannen avgjer om karakteren skal endrast og fastset standpunktakarakteren. Du og skolen får melding frå Fylkesmannen om resultatet av klagebehandlinga.

Klage på avgjerd om spesiell tilrettelegging av eksamen

Du kan klage på rektor si avgjerd om spesiell tilrettelegging av eksamen. Klagen skal leverast til rektor. Rektor sender klagen samt sitt eige vedtak og ei eventuell sakkunnig vurdering til Fylkesmannen.

Klage på skriftleg eksamen

Du har rett til å få framlagt eventuelle retningslinjer som er gitt sensorane til hjelp ved sensureringa. Om du, etter å ha rådført deg med faglærar eller andre med kunnskap i faget, bestemmer deg for å klage, leverer du klagen til rektor. Ei klagenemnd (tre personar) vurderer prøvesvaret og karakteren. Finn klagenemnda at karakteren er urimeleg, blir det sett ny karakter. Du får melding frå skolen om resultatet av klagehandsaminga. Dersom karakteren blir endra, gir den Fylkesmannen som behandler klagen, melding til inntakskontoret for vidaregåande opplæring.

Klage på munnleg eksamen

Du kan klage på formelle feil i samband med eksamensgjennomføringa om du meiner dette har hatt noko å seie for resultatet. Formelle feil er feil i høve til retningslinene for korleis munnleg eksamen skal gjennomførast. Klage på formelle feil skal sendast til rektor. Fylkesmannen er klageinstans. Om Fylkesmannen meiner det er gjort formelle feil, skal karakteren annullerast, og du får høve til å gå opp til ny eksamen. Vel du å gå opp til ny eksamen, skal prøvefaget trekkjast på nytt, og kompetansen din i faget skal vurderast av ein ny sensor.

Nytt vitnemål

Fører klagebehandlinga til endra karakter, skal skolen skrive ut eit nytt vitnemål til deg. Då må du levere det første vitnemålet tilbake til skolen.